# SELGNGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2016

## 1. REGLAR

Regattaen vil vere underlagt reglane slik dei er definert i *Kappseglingsreglane for 2013-2016*. Båtane skal tilfredsstille ISAF's reglar for kappsegling, Sikkerhets kategori 6.

Regattaen er ein familieseglas der spinnaker/gennaker eller Code 0 ikkje er tillat brukt.

## 2. TIDSPROGRAM FOR SEGLASANE

| | | |
|---|---|---|
| 1. Seglas: | Laurdag 30.07 kl. 16.00 | **Leirvik Havn** |
| 2. Seglas: | Søndag 31.07. kl. 13.00 | **Fjeldbergsund** |

## 3. PÅMELDING/KLASSAR

Regattaansvarleg er Tor-Inge Miljeteig, Tor-Inge kan kontaktas på mobil 948 03 446.

**3.1.** Regattaen er open for båtar i fylgjande klassar:

- Turklasse (ikkje premiering)
- LYS – større eller lik 0,921
- LYS - under 0,921

Dersom regattaleiinga vurderer klasseinndelinga som urimeleg kan dei foreta endringar i klassane.

Deltaking i LYS klasse forutsett gyldig LYS bevis på www.seiling.org kl. 1800 torsdag 28. juli. Båtar utan gyldig LYS bevis på dette tidspunkt blir automatisk flytta til TUR- klasse.

**3.2.** Påmelding skjer via http://www.seilmagasinet.no/regatta?regatta=XXXX Det vert ikkje skippermøte så påmelding og levering av mannskapsliste eller endring i denne må skje via nettet.

**3.3.** Betaling skjer via Seilmagasinets påmeldingssystem. Startkontingent for klassane: LYS er kr 200,- og Klasse: Tur er kr 50,-.

## 4. OFFISIELLE BESKJEDER TIL DELTAKARANE

Beskjeder til deltakarane angåande seglasane vil bli gjort her:
http://www.seilmagasinet.no/regatta?regatta=XXXX
Seinast kl. 14.00 laurdag 30. juli for 1. seglas og kl. 11.00 søndag 31 juli for 2. seglas.

## 5. ENDRINGAR I SEGLINGSBESTEMMELSANE

Eventuelle endringar i seglingsbestemmelsane vil bli oppslått før kl. 1400 for 1. seglas og gitt munnleg innan kl. 1100 for 2. seglas, same dag dei trer i kraft, bortsett frå at eventuelle forandringar i tidsprogrammet for kappseglasane vil bli oppslått/gitt før kl. 1400 dagen før dei trer i kraft. Alle meldingar vil berre bli lagd ut her: http://www.seilmagasinet.no/regatta?regatta=XXXX.

## 6. SIGNALER PÅ LAND

Signaler på land kan bli gitt frå moloen i Leirvik eller frå ein av dei deltagande båtane for 1. seglas og frå ein av dei deltagande båtane ved startområdet for 2. seglas.

**MERK!** Av praktiske årsaker vil startane bli foretatt utan flagg. Eventuell tjuvstart vil bli markert med 2 lange støyt i fløyta, 10 sekund etter start. Ein frir seg frå tjuvstart som vanleg ved å gå tilbake over startlinja.

## 7. KLASSER OG KLASSEFLAGG

Alle klassar segler i Klasse D. 

## 8. LØP/START OG MÅLLINJER

Det segles i oppgitt rekkefølge:

**Bane 1.seglas:** **Leirvik – Fjelberg**

Start: Molo ved Leirvik Hamn (overrettlinje: ytterkant av Storddøra og stake) - Ystøy om babord - Hillekalven om styrbord og mållinje er ved Ljosneset i innløpet til Fjelberg.

Sjå vedlagte skissar for start og mållinje (avvik må påregnes).

**Bane 2. seglas:** **Fjelberg – Eldøy**

Startlinje er mellom to utlagte bøyar i Fjelbergsundet - Terneskjær om styrbord - Mållinje ved Eldøyane.

Sjå vedlagte skissar for start og mållinje (avvik må påregnes).

## 9. MERKER

Det segles på faste merker.

## 10. STARTEN

**11.1** Kappseglasane startes ved å bruke regel 26. (”5 minuttsregelen”)

**11.3** Ein båt som startar seinare enn 20 minutter etter start vil bli notert som DNS (Startet ikkje). Dette endrar regel A4.1.

## 12 AVKORTNING

Avkorting kan bli gjort på alle merker etter Kappseglingsreglene §32. Mållinje ved avkorting vil være mellom måltaker og nærmeste merke.

## 13 MÅLGANG

Det vert ikkje måltaking ved mål. Første båt i mål tar tida med GPS tid (bruk mobil app eller klokke på kartplotter). Første båt er anvarlig for neste båt blir tatt i mål, brudd på dette kan medføre diskvalifikasjon.
Båtnr 2 i mål overtar oppgåva for å ta båtnr 3 i mål osv til alle er i mål, dersom det er god tid til å bytte før nr 3 kjem i mål.
Tidene sendes på SMS til 948 03 446 (regattaansvarlig).

## 14 MAKSIMALTID

Maksimaltiden er 3 ½ time etter start for begge seglasane. Båtar som ikkje har fullført innan maksimaltida regnes for å ha brutt løpet og vil bli oppført med DNF i resultatlisten. Dette endrar regel 35.

## 15 PROTESTAR

Protestar skal leveres til regattansvarleg umiddelbart etter målgang.

## 16 RESULTAT

TUR-klasse: Det vert ingen resultat berekning i Turklassen.
LYS-klassane: Resultat for enkelt seglasane vert berekna etter formlane for tid på tid.

Resultat samanlagt av Seglas 1 og Seglas 2 for LYS-klassane vert berekna etter

lavpoengsystemet beskrive i Kappseglingsreglane 2013-2016. Ved poenglikhet etter dei to seglasane, brukas Kappseglingsreglane 2013-2016, Appendiks A 4 for å kåre ein vinnar.

**17 SIKKERHETSBESTEMMELSAR**

En båt som trekker seg frå seglasen skal underrette regattaansvarleg så snart som muleg.

**18 PREMIAR**

Det vert delt ut premiar til 1/3 av båtane i LYS-klassane, for samanlagt resultat av Seglas 1 og Seglas 2. Det presiseres at det ikkje vert premiering av enkelt seglasane. Det vert ikkje premiering i TUR-klassen.

Premieutdeling vil vera på den årlege premiefesten.

I tillegg vil Beste Båt Overall 1. seglas få napp i Sindres vandrepokal.

**19 ANSVAR**

Deltakarane i regattaen deltar eine og åleine på eige ansvar. Sjå regel 4, Avgjørelse om å kappsegle. Den organiserende myndighet vil ikkje akseptere noko ansvar for skade på materiell eller person eller dødsfall inntruffet i forbindelse med, før, under eller etter regattaene.

**20 FORSIKRING**

Kvar deltakande båt skal være forsikret med gyldig ansvarsforsikring.

# SEGLINGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2016

**Skissane er frå 2011, men gjeld også i 2016!**







START – 2. SEILAS AV HIDLESEILASEN 2016
Start mellom to bøyar i sundet
Fjelberg S.D
Paaskaas
Ljosneset
Moellesv.K
Rongedalsv.K
Kobbehl.Ne
59°45.297'N
5°41.612'E

# SEGLINGSBESTEMMELSAR – Hidleseglasen 2016

